

Wergeland for barna

TEATER: Oslo Nye Teater ønsker å formidle Henrik Wergelands diktning til barna, og setter opp «Barnas Wergeland». Oppsetningen er teaterets bidrag til feiringen av dikterens 200-årsjubileum. Her tilbys dikt og regler, sanger og sjanti, bønner og eventyr. Noen av sangene har fått nye melodier. (NTB)

Gjør som John Lennon

TIL NEW YORK: Oasis-stjernen Liam Gallagher (bildet) er fan av John Lennon, og planlegger nå å flytte fra Storbritannia til New York. Der vil han bo i Dakota-bygningen som tidligere huset Lennon. (NTB)



■ **QUISLING-BIOGRAFI:** Arve Juritzen-biografien om Vidkun Quisling relanseres. «Quisling Privat» er forhånds solgt i 10.000 eksemplarer. Den slippes 13. oktober på Juritzens forlag. – Det viktige for Quisling var å bli noe. Han var ingen stor politiker, men måtte bli noe, sier Juritzen. (NTB)

Tillitsfulle Stavanger



HANDTRYKKET: Leiarar i Stavanger-regionen samarbeider gjerne – med kvarandre.

Leiarar og politikarar i Stavanger-regionen har ekstremt sterk tillit til kvarandre, viser resultatet av ei ny IRIS-undersøking. Er den sterke tilliten forklaringa på samarbeids- og harmonikulturen?

Jan Zahl tekst
Knut S. Vindfallet foto

SAMARBEID:– Den høge graden av tillit kan vera med å forklara den høge graden av samarbeid og harmonikultur her i regionen, seier Martin Gjelsvik, forskingsleiar ved forskingsinstituttet IRIS.– Det er lettare å inngå kontraktar og avtalar når folk stoler på kvarandre. I USA veks advokatstanden fordi folk ikkje stoler like mykje på kvarandre når dei skal gjera business, seier Gjelsvik.

VERDIAR: IRIS har undersøkt



FORSKARANE: Martin Gjelsvik (t.v.) og Rune Dahl Fitjar ved IRIS har undersøkt verdiane hos leiarar i Stavanger-regionen.

haldningar og verdiar hos leiarar i offentlig og privat sektor og politikk i Stavanger-regionen. Undersøkinga har bakgrunn i eit tidlegare IRIS-arbeid, nemlig Scenarier 2020, der forskarane heldt fram den sosiale kapitalen og samarbeidet som ein fordel for regionen.

– Ein snakkar saman og samar-

beider, er einige om strategiske satsingsområde som energi og mat. Dette har gjort at Stavanger-regionen ligg framfor andre i strategisk tenking og jobbing, seier Gjelsvik.

Målet med den nye undersøkinga er å sjå om verdiane i den nordiske modellen – likskap, tillit, openheit, inkludering, kort

veg til makta – er under press med aukande globalisering.

TILLITSFULLE: Svara forskarane fekk, viser at rogalendingar trur ekstremt godt om kvarandre. 100 prosent av leiarane i offentlig sektor svarte ja på påstanden «Dei fleste menneske er til å stola på», og sjølv om tala er litt lågare for politikarar og bedriftsleiarar, ligg Stavanger-regionen over landsgjennomsnittet i tillit til kvarandre.

– Det er nesten så ein kan spørja seg om me er litt naive, seier Gjelsvik, og held fram:

– Eller om me lever svært beskytta liv her.

– Norge skårar tradisjonelt svært høgt på tillit, rundt 2/3-delar seier dei stoler på andre – mens bare tre prosent i Brasil svarer det same. Og i Norge ligg altså Stavanger-regionen heilt i toppen, seier Rune Dahl Fitjar, forskaren ved IRIS som har jobba med talmaterialet.

STOR KLEM: I tråd med denne

massive tilliten til sine medmenneske, er leiarane i Stavanger svært positive til samarbeid.

Men tilliten er likevel ikkje like sterk i alle retningar. For mens politikarar og leiarar i offentlig sektor er svært så tillitsfulle både til seg sjølv, kvarandre og næringslivet, er næringslivsleiarane langt meir skeptiske både til politikarar og offentlig tilsette i regionen.

– Til gjengjeld stoler «alle» på næringslivsleiarane her i regionen – noko som legg til rette for breitt samarbeid med næringslivet, seier Fitjar.

OVERRASKING: Talmaterialet i undersøkinga tyder på ganske så sterk lokalpatriotisme. Opp mot 40 prosent av politikarane og bedriftsleiarane meiner det er lettare å samarbeida med lokale og regionale aktørar enn med folk frå andre delar av landet.

– Dette kan enten tyda på at leiarane her i regionen er skeptiske til folk utanfrå. Eller at den